

**Bjørgvin bispedømmeråd tilsette tysdag Ole Kristian With Due (26) som sokneprest i Uskedalen sokn med Husnes og Holmedal sokn og Uskedalen sokn som tenestestad.**

**With Due får ein frist på 8 dagar for å svara på om han tek stillinga.**

**Muligens blir 15. august eventuelt datoen for høgtideleg innsetjing i kyrkja, opplysar leiar i soknerådeti Uskedalen Møyfrid Kristoffersen.**

**Det er den tidlegare kapellanstillinga i Husnes og Holmedal prestegjeld som er omgjort til soknepreststilling.**

Det var 2 søkjarar og den andre var Magnhild Handeland Heiberg (56), sjukehusprest i Kongsvinger.

With Due er oppvaksen i Hamarøy i Nordland og budde i Molde frå han var 10 år. Han har si presteutdanning frå Misjonshøgskolen i Stavanger. For tida er han feltprest på Bodø Hovedflystasjon.

Den nye soknepresten skal ha eit særleg ansvar for konfirmantarbeid, dåpsopplæringsplan og kontakt mellom kyrkje, skule og barnehage i begge sokna. Han skal også bruke noko av tida si på ungdomsarbeid ut frå egne interesser, førsetnader og prioriteringar.

Den nye soknepresten skal bu i prestebustaden på Valen og ha kontor på Husnes kyrkjekontor. Hvis han seier ja, reknar han med å vera på plass utpå hausten.

- I samband med at soknepresten i Uskedalen no skal ha arbeidsstad også i Husnes og Holmedal sokn, blir det ei nyorientering som må skje med omsyn til samarbeid med Husnes prestegjeld ettersom vi tidlegare var knytt til Kvinnherad prestegjeld. Samtidig vil vi, etter det soknerådet er kjent med, framleis få klokkar-tenesta frå Kvinnherad prestegjeld, seier Møyfrid Kristoffersen.

Av Ola Matti Mathisen og Sjur Tjelmeland